



Nærøyfjorden  
verneområdestyre

## Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Flåm, Flåmsbrygga hotell

**Dato:** 22.02.2024

**Tidspunkt:** 10:00 - 13:00

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Bøe Bjørgum	Leiar	Aurland kommune
Marta Sofie Vange	Nestleiar	Vik kommune
Audun Mo	Medlem	Lærdal kommune
Samson Hamre	Medlem	Voss herad

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Nordhus	Medlem	Vestland fylkeskommune

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Noralv Distad	Marianne Nordhus	Vestland fylkeskommune

### Merknader:

### Andre frammøtte:

Namn	
Maria Baudonnel Underdal	rådgjevar
Anbjørg Nornes	sekretær / verneområdeforvaltar

### Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kjell Bøe Bjørgum

Audun Mo

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/24	Nærøyfjorden verneområdestyre - konstituering - styreperioden 2024 - 2027		2024/2325
ST 3/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 4/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 1/24	Løyve - delegert sak - Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - skuterkøyning på snødekt mark i samband med ny 420 kV ledning - Statnett		2022/6368
RS 2/24	Tildelingsbrev - kartlegging av insekt langs Aurlandsfjorden - Nærøyfjorden verneområdestyre		2023/18339
RS 3/24	Tildelingsbrev - kartlegging av fuglar i Grånosmyrane naturreservat		2023/18330
RS 4/24	Innspel til høyringsutkast - Nærøyfjorden verneområdestyre - Kulturarven 2024-2033 - Kommunedelplan for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap - Aurland Kommune		2023/18625
RS 5/24	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane - 21 landskap inngår i oversikten sendt fra Riksantikvaren		2022/11611
RS 6/24	Oppstart - Frivillig vern av skog - Lærdal - Frønningen		2024/2489
ST 5/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - Tørva - Øystein Utne		2024/675
ST 6/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - landbruksvegen i Dyrdal - 67/5 og 67/7		2023/18875
ST 7/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - forsyningar hytte - stølar - landbruksvegen i Dyrdal - 67/4		2024/165
ST 8/24	Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2024		2023/17301
ST 9/24	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppgradering - Sivleplassen - Steingardsberget - toppen av Stalheimskleiva		2024/2476
ST 10/24	Retningslinjer for tilrettelegging på ilandstigningsplassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden		2024/2341
ST 11/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - bål plass på teigar langs fjorden tilhøyrande bruk 58/1 - Skalmenes, Odnnes, Insta Holmaviki - Bjørn Henning Hov		2024/2720

ST 12/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hatlelidteigen i Dyrdal - leirplass - 67/4 - Helge Karlsen	2023/12218
ST 13/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplan 2024	2023/16632
ST 14/24	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorisert ferdsel - kjentmannstur - Vik Røde Kors Hjelpekorps, 2024 - 2027	2024/3074

## **ST 1/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning med tilføyning av sak 14/24.

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent med tilføyning av sak 14/24.

## **ST 2/24 Nærøyfjorden verneområdestyre - konstituering - styreperioden 2024 - 2027**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

I møte kom det framlegg på Kjell Bøe Bjørgum som leiar, og Marta Sofie Vange som nestleiar. Desse vart valde med akklamasjon.

Forvaltarane legg fram sak med revidering av delegasjonsmynde på neste styremøte.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre vert konstituert med val av leiar og nestleiar, i medhald av punkt 2 i gjeldande vedtekter av 19.01.2024. Fylgjande er valde for styreperioden 2024 - 2027:  
Leiar: Kjell Bøe Bjørgum, Aurland kommune  
Nestleiar: Marta Sofie Vange, Vik kommune

## **ST 3/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

## **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

### **Handsaming i møte**

Framlegg på Audun Mo til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Møteprotokollen vert godkjent elektronisk med svar på e-post.

### **Vedtak**

Audun Mo vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **ST 4/24 Orienteringar og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Referatsaker vart lagt fram til orientering.

Styret ynskjer ikkje at tekstdokument til referatsaker og delegerte saker vert lagt med som vedlegg i møteinnkallinga.

RS 6/24 - Oppstart - Frivillig vern av skog - Lærdal - Frønningen  
Planprogrammet er lagt ut på høyring med høyringsfrist 10.03.24. Styret er positive til oppstart av vern. Styret stiller seg positive til at fovaltningsansvaret for eventuelt nytt verneområde vert lagt til Nærøyfjorden verneområdestyre. Forvaltarane sender høyringsuttale til planprogram.

#### **Vedtak**

Orienteringar og referatsaker vart tatt til orientering.

## **ST 5/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - snøskuter - Tørva - Øystein Utne**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øystein Utne løyve til bruk av snøskuter til transport av material, ved og proviant til telegrafhytta med Elvemotet og steinbu ved Tørva. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.3.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 3 turar med 2 snøskutrar i 2024 og ein tur per år i 2025 og 2026.
- Køyring skal gjennomførast i perioden 1. januar til 1. april. Dersom det i 2024 blir vanskeleg å få gjennomført all nødvendig transport før 1. april, kan køyring gjennomførast fram til 15 april.
- Køyringa skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av material, ved og proviant.
- Køyretraseen er via Rjoanddalen, over nedste del av Vasseteelva (Elvamote) og nordnordvest for Grånosmyrane til Tørva.
- Så langt praktisk mogleg skal løypa leggast utanom Grånosmyrane naturreservat.
- Transporten skal meldast til SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) seinast dagen før køyringa startar, slik at han kan gje informasjon om det må takast spesielle omsyn til villrein eller andre naturverdiar i området.
- Det skal takast omsyn til naturmiljø og folk i området.
- Dersom det er villrein i området, skal det visast særskilt omsyn for å unngå å uroe dyra. Ein må då unngå å køyre mot dyra, og freiste så godt som råd å få vinden frå flokken og mot seg sjølv.
- Av omsyn til friluftslivet skal transporten om mogleg ikkje føregå på søndagar eller helgedagar.
- Transporten skal så langt det er mogleg samordnast med anna transport i området.
- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før turen startar.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 1. juni kvart år. I rapporten skal det vera med tidspunkt for gjennomført transport, og tal turar.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast naudsynt løyve til snøskutertransport frå Aurland kommune og Voss herad.

## **ST 6/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - landbruksvegen i Dyrdal - 67/5 og 67/7**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigarar Gunnstein Ohnstad og Bjørg Ohnstad på gnr. 67, bnr. 5 og 7, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråna til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2024 – 2025 – 2026.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant for

stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.

- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksemd og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som køyrer på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på snødekt mark. Køyring på snødekt mark må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

## **ST 7/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - forsyningar hytte - stølar - landbruksvegen i Dyrdal - 67/4**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Inger Fjellkleiv på gnr. 67, bnr. 4, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråna til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2024 – 2025 – 2026.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant for stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksemd og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som køyrer på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på snødekt mark. Køyring på snødekt mark må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

## **ST 8/24 Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2024**

# Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024

## Handsaming i møte

Styret meiner det er viktig å få reparert brua på Odnos no når det er pågåande arbeid på postvegen, og før brukara vert meir øydelagt av erosjon. Tiltaksmidlar til verdsarvhus på Bakka kan setjast opp att på planen dersom det vert tildelt meir tiltaksmidlar.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar, med ein endring. Kr. 100 000 vert prioritert til brua på Odnos istaden for til verdsarvhuset på Bakka.

## Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2024 etter fylgjande tiltaksplan:

<b>Tiltaksplan Nærøyfjorden 2024</b>	30.11.2023	22.02.2024
<b>Kort omtale av tiltak</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rev.budsjett</b>
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Styvi-Holmo	290 000	290 000
Stigen	100 000	100 000
Stokko	60 000	60 000
Stalheimskleiva	30 000	30 000
Øvste Stigen	8 600	8 600
Nedbergo	40 000	40 000
Skogane	15 000	15 000
Jeiskali og sti	20 000	20 000
Fronnes	10 000	10 000
Nåli + rydding langs stien. SØKNAD RESTAURERINGSMIDLAR.	95 000	57 200
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440	0
Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760	0
Bleiklindi, murar	10 000	0
<b>Sum skjøtsel av kulturlandskap</b>	<b>705 800</b>	<b>630 800</b>
<b>Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar</b>		
Restaurering av postvegen	490 000	490 000
Bru på Odnos, tilleggsbestilling på postvegen. TILLEGGSSØKNAD.	100 000	100 000
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig.	50 000	50 000
Rimstigen, årlig (gjort 23)	25 000	25 000
Mur på sti til Stigen	30 000	30 000
Stiar Fresvik, årlig (gjort 23)	20 000	20 000
Undredal - Stokko, årlig	9 600	9 600
Underdal - Hovdungo, årlig, ny	9 600	9 600
Stigen - Beitelen, årlig, ny	3 200	3 200
Vassete - Stein i Vassetkleiva	19 200	19 200
Odnosfossen - Planlegge tilrettelegging/utlysning av trapp/sti	50 000	0

Dyrdal - Salthella - (Rognaldsskori?) - Skogane - Dyrdal, årleg.	14 400	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	15 000	15 000
Mur sti til Frondalen	20 000	0
Gamlevegen i Dyrdal, årlig (gjort 23)	5 000	0
Nordheimsdalen - stien i Galden -fella furutre under mur	10 880	0
Brekkefossen - Raokjen - fikse litt på steintrappa	25 600	0
<b>Sum skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar</b>	<b>897 480</b>	<b>686 000</b>
<b>Tilrettelegging og informasjonstiltak</b>		
Delfinansiering infallsport Stalheimskleiva/infopunkt ved Sivlesteinen og opningsarrangement Stalheimskleiva	200 000	130 000
Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka	100 000	0
Bålplassar ved fjorden	20 000	5 000
Nordheimsdalen - delfinansiering kai	14 500	0
Delfinansiering av skilt/innfallsportar	50 000	30 000
Vedlikehald og drift av klosett Styvi	0	5 800
Vedlikehald og drift av utedoar langs fjorden	0	12 400
<b>Sum tilrettelegging og informasjonstiltak</b>	<b>384 500</b>	<b>283 200</b>
<b>Sum tiltaksmidlar totalt</b>	<b>1 987 780</b>	<b>1 600 000</b>

<b>Midlar 2024</b>		
Tildelte tiltaksmidlar feb. 24		1 500 000
Grunnstøtte til drift (ny) feb. 24		100 000

Sum tildelte midlar		<b>1 600 000</b>
---------------------	--	------------------

Balanse		0
---------	--	---

Grønt = Lagt til midlar

Raudt = Senka/fjerne midlar.

Utheva i blått = dekket av grunnstøtta.

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioriterer tiltaksmidlar mellom tiltaka innanfor budsjettramma.

## ST 9/24 Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppgradering - Sivleplassen - Steingardsberget - toppen av Stalheimskleiva

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024



## Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Voss herad løyve til å oppgradera Sivlelassen på Steingardsberget på Stalheim. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Oppgradering av Sivlelassen skal vera i samsvar med planløysinga vedlagt søknad (Figur 2 i saksframlegget). Plassen som er teikna inn med brotskifer kan jamnast ut med grus. Det kan leggjast skiferheller som topplag på denne plassen.
- Det kan settast opp tørrmurar i ytterkantar av plassen i retning søraust, som tek opp terrengskilnad. Muren har høgde på 70 til 80 cm. Opp på muren skal det vera rekkverk av glas, støypejern, stein eller tre. Rekkverket skal vera 120 cm høgt. På den bua muren skal det vera håndlist.
- Det kan settast opp benkar på plassen. Benkane skal vera i tre med stålrammer, og trebenkar på tørrmur, slik det er skildra i prosjektskissa. Eit par av benkane kan ha låg ryggstøtte. Benkane skal ha ei høgde på ca. 40 cm.
- Stålskilt skal utformast i tråd med Miljødirektoratet sin designmanual for nasjonalparker og Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden
- Jord og torv skal leggjast til side under gravearbeid, og leggjast tilbake som dekke rundt plassen og under muren etter gravearbeidet er avslutta.
- For å unngå spreiding av framande artar, skal utstyr som vert nytta til gravearbeid reingjerast før det vert frakta til Sivlelassen. Det er registrert platanlønn i nærområdet, og denne arten må ikkje spreiest vidare.
- Arbeidet skal vera slutført innan 31.12.2025. Det skal sendast rapport med bilde frå plassen til sekretariatet for Nærøyfjorden verneområdestyre så snart tiltaket er gjennomført.

## ST 10/24 Retningslinjer for tilrettelegging på ilandstigningsplassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden

### Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024

## Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre vedtek «Retningslinjer for tilrettelegging av ilandstigningsplassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden», 22.02.2024.

# **ST 11/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - bål plass på teigar langs fjorden tilhøyrande bruk 58/1 - Skalmenes, Odnnes, Insta Holmaviki - Bjørn Henning Hov**

## **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling til forvaltar.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Henning Hov løyve til å etablere to bål plassar på Skalmenes, to på Odnnes og ein i Insta Holmaviki.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Bål plassane skal plasserast som vist på figur 1, 2 og 3 i denne saka.
- Bål plassane kan bestå av ein enkel bålring av stein frå området. Rekved/stokkar som ein finn i strandsona kan brukast som sitte plass rundt bålringen, men skal haldast til eit minimum
- Installasjonane skal haldast i god stand, og området rundt haldast ryddig
- Installasjonane skal fjernast dersom dei ikkje lenger er i bruk.
- Bål plassen i Insta Holmaviki får løyve med prøvetid på 2 år.
- Dersom bål plassane fører til stor skade på naturen i området, kan verneområdestyret kreve at bål plassane vert fjerna.

# **ST 12/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hatlelidteigen i Dyr dal - leir plass - 67/4 - Helge Karlsen**

## **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Helge Karlsen løyve til å etablere ein bål plass på Hatlelidteigen i Dyr dal. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Bål plassen kan bestå av ein bålring av stein med enkle trebenkar rundt.
- Trebenkane kan ved behov festast i bakken for å stå støtt.

- Bordet som er satt opp ved sidan av bålplassen i dag må fjernast.
- Installasjonane skal haldast i god stand, og området rundt haldast ryddig.
- Installasjonane skal fjernast dersom dei ikkje lenger er i bruk.
- Dersom bålplassane fører til stor skade på naturen i området, kan verneområdestyret kreve at bålplassane vert fjerna.

## **ST 13/24 Saksframlegg - Nærøyfjorden verneområdestyre - møteplan 2024**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med ein endring. Møtet i juni vert flytta til 24. - 25. juni.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2024 for å handsame saker i verneområdestyret og fylgje opp tiltak i verneområda. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek følgjande møteplan:

- 22. februar: Styremøte med revidert tiltaksplan for 2024
- 3.-4. april: Konferanse for alle verneområdestyra i Vestland, inkludert styremøte siste dagen.
- 13. mai: Styremøte – digitalt
- 24.-25. juni: 2-dagersmøte med overnatting og synfaring.
- 10. september: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- 4. november: Styremøte og planleggingsmøte med SNO

## **ST 14/24 Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorisert ferdsl - kjentmannstur - Vik Røde Kors Hjelpekorps, 2024 - 2027**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.02.2024**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Vik Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannstur i Nærøyfjorden landskapsvernområde i samsvar med godkjent øvingsplan. Løyvet gjeld i perioden frå veke 7 til 1. april i åra frå og med 2024 til og med 2027. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan køyrast ein tur mellom Målsete og Fresvikbreen. Det kan nyttast inntil 4 snøskuterar på turen. Det skal ikkje køyrast etter fredagen i palmehelga det enkelte året.
- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til ruta som er godkjent, og i samsvar med øvingsplanen. Køyringa og tal snøskutrar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Under køyring skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området. Dersom det er villrein i området under køyring, må det takast særskilt omsyn for ikkje å uroa dyra. Køyringa må om naudsynt stoppast, eller om mogleg skal det køyrast ei rute utanom villreinflokken.
- Det sendast rapport til Nærøyfjorden verneområdestyre med informasjon om tal turar og dato, tal snøskuterar og køyrerute innan 1. mai kvart år i løyveperioden.
- Forvaltinga ber om at eventuelle observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.